



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

Forvaltingsplan for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde

Eide kommune



Rapport 2010:14

Framsidedfoto. Utløpsosen av N svatnet med Einsetv gen i bakgrunnen. *Foto:  yvind Leren*

Tittel:

FORVALTINGSPLAN FOR EINSETVÅGEN/NÅSVATNET FUGLEFREDINGSOMRÅDE

Forfatter:

Åsmund Skålvik, miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak

Forvaltingsplan for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde, VV00001344, i Eide kommune er den 17.09.2010 godkjend av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med heimel i kap. VII og IX i verneforskrifta av 27. mai 1988.

Samandrag:

Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde blei verna i 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Føremålet med vernet var å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv.

Det verna området består av utløpet til Nåsvatnet, Vågsbølva, Einsetvågen og delar av Isingvågen med ei smal landstripe rundt. Rundt det verna området finn vi alt frå jordbruksareal i drift til skinn myrvegetasjon. Ei av utfordringane i og rundt det verna området er å halde det ope og hindre attgroing. Dette for å oppretthalde dei kvalitetane som gir grunnlag for den rike fuglefaunaen vi har her. Ei rekkje fugleartar som før var vanlege er no meir sjeldsynte i reservatet, vi håper forholda over tid vil liggje til rette for at fuglelivet tek seg opp att. Å oppretthalde vasskvaliteten i elva slik at elvemuslingen kan formeire seg og oppretthalde ein levedyktig populasjon på lang sikt er òg ei stor utfordring. Ved å hindre næringsrikt tilsig til elva vil ein òg hindre attgroing av strandlinja. Dette saman med trusselen for ytterlegare spreing av framande planteartar blir ei utfordring framover. Noko av skogen som er komen opp kan med fordel fjernast slik planen skisserer.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.


Emneord:

Naturvern, bevaringsmål, skjøtsel, fugl, elvemusling, våtmark, biologisk mangfald.

ISBN (Pdf utgåve): 978-82-7430-201-3

ISBN (Papir utgåve): 978-82-7430-200-6

ISSN 1891-876X



Ulf Lucassen
Seksjonssjef



Per Fredrik Brun
Direktør miljøvernavdelinga

FORORD

Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde i Eide kommune vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 27. mai 1988 som ein del av verneplan for våtmark i Møre og Romsdal. Forvaltingsplanen for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde er utarbeidd som eit ledd i arbeidet med å lage forvaltingsplanar for dei mindre verneområda i fylket. Målet med forvaltingsplanen er å utdjupe verneforskrifta og klargjere brukarinteresser og behov for skjøtsel.

Det er ei satsing frå fylkesmannen si side å sikre verneverdiane i Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde. Denne planen bør sjåast på som eit forsøk på å ta i vare dei biologiske verdiane vi finn her og som vi mellom anna ynskjer å gjere meir synleg for allmenta i Eide. Viktige bevaringsmål i Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde er å følgje med på attgroinga i utløpsosen av Nåsvatnet, hindre attgroing av beitemark og å oppretthalde ein god vasskvalitet i elva. Dette er den første forvaltingsplanen for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde, og vi opnar for revidering av planen etter å ha prøvd han i praksis i nokre år.

Den vedtekne planen er i hovudsak i samsvar med høyringsforslaget til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vi håpar at planen er oppklarande og informativ for alle med interesser i området. Fylkesmannen vil takke alle som har kome med innspel til planen.

Planen er utarbeidd av Åsmund Skålvik ved fylkesmannen sitt kontor, for midlar som Direktoratet for naturforvaltning har stilt til rådvelde.

Molde 15. oktober 2010

Per Fredrik Brun
Miljøvernavinga

Innhald

1. INNLEIING	8
2. NATURGRUNNLAGET	9
2.1 Områdeskildring.....	9
2.2 Eigeomsforhold	10
2.3 Historisk bruk av området.....	10
2.4 Naturfaglege verdiar	11
2.5 Bevaringsmål.....	14
3. BRUKARINTERESSER	18
3.1 Verneforskriftene og brukarinteressene	18
3.2 Landbruk	18
3.3 Jakt og fiske.....	19
3.4 Friluftsliv og rekreasjon	21
3.5 Undervising, formidling og forskning.....	22
3.6 Bygg og tekniske inngrep.....	23
4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK.....	24
4.1 Skjøtsel	24
4.2 Kartlegging av naturkvalitetane	24
4.3 Informasjon og tilrettelegging	25
4.4 Oppsyn	26
5 SAKSHANDSAMING	26
5.1 Forvaltingsstyresmakter	26
5.2 Lovverk, føringar og forvaltning.....	26
6 PERIODEN FORVALTNINGSPLANEN GJELD	29
7 KJELDE	30

Vedlegg:

1. Verneforskriftene for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde (FF)
2. Flyfoto over Einsetvågen/Nåsvatnet FF
3. Observerte fuglearter i Einsetvågen/Nåsvatnet FF
4. Observerte plantearter i Einsetvågen/Nåsvatnet FF
5. Tiltaksliste den første 5-årsperioden
6. Saksbehandling av planen

1. INNLEIING


Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde blei freda ved kongelig resolusjon av 27.mai 1988 med heimel i naturvernlova. Naturvernlova er no erstatta av naturmangfaldslova (NML). Einsetvågen/Nåsvatnet ligg i Eide kommune i Møre og Romsdal fylke. Etter dei vedtekne forskriftene for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde er formålet med vernet definert slik:

”Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv.”

Det faglege grunnlaget for vernet er utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke frå 1982 med forarbeidda til denne.

Denne planen skal vere eit hjelpemiddel i forvaltninga av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer om bruk, skjøtsel og informasjon. Planen skal òg utdjupe og konkretisere vernereglane for å sikre ein mest mogleg einsarta bruk og forvaltning av verneområdet. Forvaltingsplanen er ikkje juridisk bindande, med unntak av der forvaltingsplanen syner til den vedtekne forskrifta for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde (*kursiv skrift*).

Dette er første generasjon forvaltningsplan for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde.



Figur 1. Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde er eit av fleire verna områda i Eide som i sum vert omtala som Eide våtmarkssystem.

Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgiving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gir at all natur og alle arter har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Einsetvågen/Nåsvatnet er eit lite område i areal, men er eit viktig område for mellom anna fleire hekkande fuglearter og for fugl under trekk og overvintring.

Plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange ytre påverkningsfaktorar. Å verne område som fuglefredingsområde etter naturvernlova (no den nye naturmangfaldlova) gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet for framtida.

2. NATURGRUNNLAGET

2.1 Områdeskildring

Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde dekkjer eit areal på 1465 dekar. Av dette utgir over 1200 dekar vatn, resten av arealet er fordelt på 15 da. dyrka mark, 61 da. innmarksbeite, 6 da. anna opparbeidd jord, 6 da. barskog, 66 da. lauvskog, 20 da. myr med og utan skog og 67 da. anna jorddekt fastmark.

Topografisk består området av utløpsosen til Nåsvatnet, denne går over i Vågsbølva (også kalla Sagelva) som vidare renn ut i Einsetvågen. Frå Einsetvågen går det verna området ut Holmsundet og dekkjer indre delar av Isingvågen. Høgdeforskjellen mellom Nåsvatnet og sjøen er på 11 meter. Vågsbølva har ei lengde på ca. 600 meter. Ei anna elv, Nåaelva kjem frå Trolldalsvatnet og renn gjennom eit aktivt jordbruksområde før ho renn ut ved utløpsosen aust i Nåsvatnet. I tillegg renn Einsetelva ut i Einsetvågen ved Smibukta. Einsetvågen er ein brakkvasspoll med forbindelse til sjøvatn gjennom Holmsundet. Det verna området består for det meste av vassoverflater med ei smal stripe av landareal rundt.

Bergartane nord for Vågsbølva og Holmsundet består av ulike gneis og granittutformingar. På sørsida av vassdraget finn vi amfibolitt og amfibolrik gneis. Begge desse bergartsgruppene forvittrar seint, er næringsfattige og har relativ lav pH. Kvartærgeologisk finn ein stadvis òg moreneavsetningar. Ved utløpet av Nåsvatnet, i Einsetvågen, Svanvika og indre delar av Isingvågen finn vi mykje kvartærgeologiske avsetningar som partiklar av leire, silt og sand.

I området er det eit typisk kystklima. Eit oseanisk klima med milde vintrar og liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I Eide ligg temperaturen på -2°C for januar. Gjennomsnittstemperaturen for juli er litt i overkant av 12°C . Eide har ein årsnedbør på rundt 2200 mm i året, og over 100 mm i nesten alle månader. Meir enn 220 av årets dagar har nedbør over 0,1 mm.


2.2 Egedomsforhold

I følge verneforskrifta omfattar det verna området følgjande Gnr/bnr:

149/4, 5, 6, 7, 8; 150/11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21; 151/1; 153/7, 13, 16, 154/10, 14, 16, 18, 19, 20; 155/4, 13; 157/1; 158/1; 163/1, 3; 164/13, 37, 42 og 48.

Etter gjennomgang av digitalt eigedomskart januar 2010 omfattar det verna området ikkje Gnr/bnr; 153/16; 154/18. Alle bruksnummer under Gnr. 149 og 150 som var opplista i verneforskrifta er no slått saman til Gnr/bnr 153/1. Gnr/bnr 154/14 og 19 som står i verneforskrifta eksisterer ikkje i matrikkelen. Det er òg kome med nokre bruksnummer innan verneområdet som ikkje står opplista i verneforskrifta. Etter våre kontrollar med digitalt eigedomskart omfattar no det verna område følgjande Gnr/bnr; 153/1, 3, 6, 7, 13, 35, 36, 54; 154/1, 6, 9, 10, 15, 16, 20, 21; 155/4, 13, 31, 157/1; 158/1; 163/1, 2, 3, 8; 164/1, 13, 37, 42, 48, 540.

Vi tek atterhald om at det kan vere feil i eigedomskartet som vi har lagt til grunn. Den vedtekte vernegrensa er merka i terrenget etter kart som følgde vernevedtaket i 1988. På fleire stader er det manglande samsvar mellom nedsette grensemerke og det juridisk bindande vernekartet frå 1988.



Figur 2 Egedomar omfatta av vernet. Einsetvågen/Nåsvatnet FF er ruteskravert raudt.

2.3 Historisk bruk av området

Historisk har fuglefredingsområdet med omkringliggjande areal vore brukt av menneske som naturressurs i uminneleg tid. Mellom anna har Vågsbølva vore i bruk som energikjelde til å

drive sagbruk, kvern og kraftverk. Det har vore sagbruksdrift ved elva sidan før hollendartida på 1600-talet. For å regulere vassstilførsel til sager og kvern vart det òg bygd demningar langs vassdraget. Ein finn restar etter dette i dag, og namn som "hollenderdammen" fortel om tidlegare tiders bruk. Kraftverket var i drift fram mot 1970 talet. Store delar av areala rundt det verna område har vore, og er nytta til jordbruksdrift. Driftsformene i jordbruket har endra seg radikalt sidan 1960-talet då ein fekk teknologi til å dyrke opp større areal meir effektivt. Dette førde mellom anna til at fleire kanalar og grøfter er førde ut i det verna området. I tillegg er det fylt ut steinmassar i fjøresona enkelte stader for å vinne jordbruksareal.

Nåsvatnet er og har vore eit rikt fiskevatn, og Vågsbølva er lakse- og sjøaureførande. Fiske har vore viktig både i elva og i vatnet opp gjennom tidene.

2.4 Naturfaglege verdiar

Den naturfaglege skildringa i planen er stort sett henta frå forarbeida til vernet og tematiske rapportar utarbeidd i etterkant av vernet. Men vi har òg supplert med munnleg informasjon frå fagfolk og andre med lokalkunnskap.

Fugle- og dyreliv

Nåsvatnet som ein del av Eide våtmarkssystem er eit viktig område som hekke-, beite- og overvintringsområde for vassfugl. Songsvanar, grasender og dykkender dominerer.

Lokaliteten utgjer saman med Vassgårdvatnet og Svanvikmyra eit særleg variert og mangfaldig naturområde. I tillegg til ei rekkje arter av andefugl er det òg registrert dykkarar, lommar og riksefuglar. Om vinteren overvintrar songsvanar både i Nåsvatnet og Einsetvågen. Regionalt sjeldne arter som lappfiskand, dvergdykkar og sothøne overvintrar òg tilnærma årleg. Dvergdykkaren er observert i hekketida i Nåsvatnet og Demmå i Vågsbølva og hekkar sannsynlegvis i den austre delen av Nåsvatnet (Holtan 2001, Arnkjell Lindseth pers. medd.). I 2003 hevda den raudlista myrriksa territorium ved Nåsvatnet (Grønningsæter et al. 2003). Den raudlista og sjeldne skjeanda er registrert under trekket i Svanvika og Nåsvatnet. Storlom er tidlegare registrert i vatnet, men hekking er ikkje registrert. Det er ikkje notert observasjonar frå dei siste åra. Lokaliteten er viktige leveområde for oter, som har territorier



Figur 3 Elvemuslingen er sjeldan og freda.
Foto: Bjørn Mejdell-Larsen

ved Holmsundet og langs Vågsbølva. Indre delen av Isingvågen blir nytta som rasteplass av fuglar under trekket og som overvintringsområde. På Langskjæret i Isingvågen kan ein sjå skarvar nesten dagleg i vinterhalvåret. Elles finn vi dei pattedyra som er vanleg for regionen, mellom anna hjort og rådyr. I den austre delen av verneområdet i Isingvågen er det registrert steinkobbe. Steinkobb kjem òg tidvis inn i sjølve Einsetvågen.

Forvaltingsplan for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde

Verdien av viltområdet er særleg høg med bakgrunn i fleire raudlistearter og området sin viktige funksjon som dellokalitet i eit større våtmarkssystem.

Vågsbøelva har ein bestand av elvemusling som er taksert til 63000 individ. Det vart òg funne små muslingar ned til 9 mm (tilsvarar 5 års alder), noko som syner at bestanden reproduserer seg. Dersom ein i framtida klarar å halde vasskvaliteten på eit nivå der elvemuslingen reproduserer seg vil ein òg tilfredsstillende vasskvaliteten til fleire andre arter. Fiskearter som går i elva er aure, sjøaure, laks, trepigga stingsild, skrubbeflyndre og ål.

Nokre arter/grupper av arter i Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde.

Art/gruppe	Funksjon	Kvalitet	Årstid	Dato registrert
Dykkerkar	Beiteområde	Påvist	Vinter	01.01.2003
Dvergdykker	Yngleområde	Sannsynleg	Vår/sommar (NT)	01.01.2001
Storskarv	Beiteområde	Påvist	Vinter	01.01.2003
Toppskarv	Beiteområde	Påvist	Vinter	01.01.2003
Andefuglar	Beiteområde	Påvist	Vinter	01.01.2003
Andefuglar	Rasteområde	Påvist	Vår/haust	01.01.2003
Andefuglar	Yngleområde	Påvist	Vår/sommar	01.01.2003
Myrrikse	Yngleområde	Mogleg	Vår/sommar (EN)	01.01.2003
Vade-, måke- og alkefuglar	Rasteområde	Påvist	Heile året	01.01.2003
Vade-, måke- og alkefuglar	Yngleområde	Påvist	Vår/sommar	01.01.2003

Kjelde: Moen, G. 2005 Viltet i Eide. Naturkonsult DA rapport nr. 1-2005.

Truslar

Moglege truslar mot fuglebestandane kan vere komplekse og variere frå art til art. Mest sannsynleg ligg dei største negative påverknadene/truslane langt utanfor verneområdet sine grenser. Enkelte fuglearter krev opne areal for å hekke og for å føle seg trygge under søk etter næring. For å halde bestanden av mink lågast mogleg bør ein stimulere til fangst av denne arten.

Vegetasjon

Einsetvågen er som prioritert naturtype verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein del av eit stort, velutvikla, artsrikt og variert estuarieområde (der ferskvatn møter sjøen), med både brakkvasspoll, undervassenger, strandenger og ein grunn straum. I tillegg finn vi i fuglefredingsområdet mellom anna våtmarksområde, viktige bekkedrag med kantsoner av skog- og krattvegetasjon. Aktuelle naturtypar etter DN handbok nr. 13 er;

Rik kulturlandskapsjø E08. Vi tar her utgangspunkt i naturtypekartlegginga av Eide kommune som vart utført av Jon B. Jordal i Rapport nr. 4-2005. Nåsvatnet er her omtala som ein lokalitet. Men vi går ut frå at vi finn dei fleste vassplantane inne i det verna området. Denne naturtypen er blant dei mest artsrike ferskvassförekomstane vi har, og er eit viktig leveområde for planter og dyr i innsjøar. Av vegetasjon har vi i vatnet flyteblad- og langskotvegetasjon, vatnet er ein viktig "tjønnakssjø" med 5 tjønnaksarter, mellom desse hjartetjønnaks. I utløpsosen finn vi takrør- og sjøsivaksvegetasjon. Mest vassvegetasjon finn

vi i utløpsområdet mellom Kallaneset og riksvegen særleg på 1,5 – 2 m. djup (Faafeng m.sl. 1995)

Vassplanter registrert i utløpsosen av Nåsvatnet. Etter Bjørn Faafeng m.fl. 1995

Sump-vegetasjon	Kortskots-vegetasjon	Langskots-vegetasjon	Flyteblads-vegetasjon	Anna
Flaskestarr 3	Stivt brasmegras 3-4	Dikevasshår 1	Flotgras 2	Kransalger Nitella flexilis 1
Elvesnelle 2	Mjukt brasmegras 2	Vanlig tusenblad 4	Kvit nøkkerose 2	Spongilla spp. 2
Mannasøtegras 2	Tjønnaks 2	Rusttjønnaks 4	Vanleg tjønnaks 2-3	
Takrør 4	Botngras 2	Småtjønnaks 2		
Sjøsvaks 5	Evjesoleie 3	Grastjønnaks 4		
		Hjertetjønnaks 3-4		
		Gytjeblererot 1		
		Storblærerot 2		

Verdi på førekomst. 1 = Sjeldan, 2 = Spreidd, 3 = Vanleg, 4 = Lokalt dominerande, 5 = Dominerer lokaliteten

Viktig bekkedrag. E06 Små vassdrag karakteriserast som biologiske oasar i landskapet. Desse inneheld naturmiljø som manglar elles i landskapet. Vågsbøelva/Sagelva er eit kort vassdrag på ca. 600 meter mellom Nåsvatnet og Einsetvågen. Elva har litt kantskog med gråor. Stadvis er det planta vanleg norsk gran og hemlock heilt ned til elvekanten. Elva går gradvis over i brakkvatn ved utløpet. I øvre deler av utløpet renn elva roleg med flyteblad- og langskotvegetasjon (P1, P2). Elles er det mest mosesjøbotn med elvemoseutforming (P6a). Denne utforminga er sterkt trua (EN) på Vestlandet. Av mosearter er det funne rødmesigmose og duskelmose (Aspås & Bruun 2003). I skogen langs elva er den raudlista sopparten grå trompetsopp registrert. Utløpet av Vågsbøelva er prioritert i fylkesdelplan for elveoslandskap i Møre og Romsdal.

Brakkvasspoller. I lokaliteten inngår brakkvasspollen Einsetvågen med Smibukta, straumen gjennom Holmsundet og indre delen av Isingvågen med strandenger. Her finn vi ein mosaikk av naturtypene; strandeng/strandsump G05 (VU=sårbar). Brakkvasspoll, undervasseng (VU=sårbar), grunne straumar og undervasseng. Einsetvågen er eit grunt sjøområde med litt ålegrasenger, omgitt av strandenger. Vegetasjonen i vågen er elles dominert av grønalgar og brunalgar (truleg kaurtang). Smibukta (på sørsida av vegen til Einset) har undervassenger med ålegras og småhavgras, mykje grønalgar og litt tang. Også leirene i Isingvågen har ålegrasenger (A.O.Folkestad, 1978). Stor variasjon i vegetasjonstypar på strandeng, mellom anna fjøresaltgraseng, saltsiveng, raudsvingel-tiriltunge-fjørekoll-eng, strandstjerneforstrand, rustsivakseng, fjørestorr-eng, pølstorr-pøl, taresaltgras-grusstrand, tangmeldevoll, kvekevoll og høgurt-fleirårsvoll (for fleire detaljar sjå Holten m.fl. 1986b). Dette er eit artsrikt område med over 70 registrerte plantearter, mellom anna pølstorr og engminneblom.

Truslar

Desse naturtypene er utsette for ei rekkje truslar. Overgjødning i form av tilsig av næringsstoff frå landbruket, kloakk m.m. kan føre til algeoppblomstring, attgroing og oksygensvikt som igjen har negative konsekvensar særleg for botnlevande dyr og planter. Tilsig av anna forureina vatn er òg ein generell trussel mot vassdrag. I nedbørsfeltet finn vi steinbrot som tek ut kalkstein. Frå dette steinbrotet er det sannsynleg at det er tilsig av kalkslam i vatn og sprengstoffrestar som inneheld nitrogen. Det er fleire stader registrert slamlag på botnen av Nåselva og i Nåsvatnet. Attgroing av ”sivbelte” grunna redusert beitetrykk kan enkelte plassar vere ein trussel. Langs Vågsbølva er det i enkelte soner planta vanleg norsk gran og hemlock, dette gir endringar i den naturlege kantvegetasjonen langs elva. Då hemlock er eit skyggetålande treslag vil det spreie seg raskt dersom desse får vekse seg til og bli kongleberande.

2.5 Bevaringsmål

Formålet med Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv. Der det er nødvendig skal det definerast eit bevaringsmål for dei ulike naturtypene, dersom dette er mogleg. For å kunne definere bevaringsmål må ein ha kunnskap om naturkvalitetane ein ønskjer å bevare. Ein må òg ha kunnskap om utviklinga av dei ulike naturtypene. For Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde er det lite nyare kunnskap om dei ulike naturkvalitetane, spesielt for fugleartane og deira status. Eit forvaltingsmål bør vere å auke kunnskapen om naturkvalitetane i det verna området. Bevaringsmåla kan verte justert når arbeidet med nasjonale standardar for bevaringsmål for ulike naturkvalitetar er ferdig.



Figur 4 Hemlock planta heilt i elvekanten.



Figur 5 Lite igjen av den naturlege kantvegetasjonen mot elva.

Nokre forklaringar på uttrykk som går igjen i planen:

Naturtype

Med naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon inneheld eit stort mangfald av naturtypar.

Tilstandsvariabel

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte arter.

Tilstandsklasse

Tilstandsklasse er ei inndeling i god, middels eller dårleg. Dette fortel oss kva for tilstand naturtypen er i.

Forvaltingsmål

Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til naturverdiar/kvalitetar i eit verneområde. Slike mål kan òg bli knytt opp mot rekreasjon, jakt, landbruk og andre brukarinteresser.

Forvaltingsplan for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde

Ut frå det vi veit i dag har vi sett opp følgjande bevaringsmål innan to naturtypar.

Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde, VV00001344

Mål nr.	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Overvaking	Tilstandsklasse	Tiltak
1	Viktig bekkedrag E06	Vasskvalitet	Vatnet i Vågsbølva skal tilfredsstillе elvemuslingens krav til vasskvalitet	Stikkprøvekontroll av elva for å sjekke muslingpopulasjonen og oppfølging av eventuelle tiltak	Ukjent	Ta vassprøver i Vågsbølva Undersøkje populasjonen av elvemusling Kartlegge negative tilsigskjelder til vassdraget Tiltaket skjer i samråd med SNO
2	Viktig bekkedrag E06 og strandeng/strandsump G05	Framande treslag og generell attgroing	Fjerne dei etablerte trea og hindre ytterlegare spreing	Feltobservasjonar etter gjennomført tiltak	Middels grunna eksisterande plantingar	Fjerne dei framande treslaga og følgje med på etablering av eventuelle nye Tiltaket skjer i samråd med grunneigar og SNO

3. BRUKARINTERESSER

3.1 Verneforskrifter og brukarinteressene

Verneforskrifta er grunnlaget for kva som er tillate innanfor Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde. I dette kapittelet (+ kapittel 5) vil dei aktuelle reglane i verneforskriftene bli knytt opp mot dei ulike brukarinteressene. Det vil i teksten bli vist til kapittel og punkt i verneforskrifta.

Verneforskriftene er bygd opp slik at kapittel IV i forskrifta gir ei oversikt/opplisting over kva aktivitetar som ikkje er tillate innanfor verneområdet. I kapittel V går det fram kva for aktivitetar som er unntatt frå forboda i kapittel IV, mens det i kapittel VI er ei oversikt over kva aktivitetar fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode etter kapittel IV, og ikkje nemnt i kapittel V eller VI, er i utgangspunktet forbode.

Fylkesmannen kan likevel, etter søknad gje dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfeller etter § 48 i naturmangfaldlova. Tolking av forskrifta er nærare omtala i kapittel 5.2.

3.2 Landbruk

Landbruket innan verneområdet kan drivast på same måte som før vernevedtaket. I følge arealoversikta er ca. 60 da. innmarksbeit og 15 da. dyrka mark. Rundt store delar av verneområdet er det i dag landbrukseigedomar i drift. Mjølkeproduksjon er den dominerande driftsforma. Jordbruksareala vert derfor for det meste nytta til grasproduksjon i form av silo eller rundballar og beite. Det er òg beiting inne i verneområdet ned mot strandsona utan at dette er noko problem for verneformålet i dag. Det er heller eit ønskje frå forvaltninga at beitinga vert oppretthalde då ein ser teikn til attgroing fleire plassar. Ei stor utfordring er òg summen av all avrenning av næringsstoff i nedslagsfeltet til vassdraget utafør det verna området. Det vert ikkje vinterlagra rundballar inne i verneområdet, men rundballar er lagra i nærområda med tilsig til det verna området. I tillegg vert òg slam og finpartiklar frå jordbrukskanalar, skogsgrøfter og bergverksindustri tilført Nåsvatnet. Fleire naturlege bekkar renn frå jordbruksareal og ut i verneområdet. I tillegg er det



Figur 6 Beitearealet sør-aust for Smibukta er i ferd med å gro att.

i samband med tidlegare dyrking òg teke grøfter og kanalar som er drenert ut i verneområdet. Ein del av jordbruksareala på Vågsbøen, rundt Svanvika og på Breineset er registrert som særleg viktige kulturlandskap. Vi håpar at det òg i denne samanhengen er av interesse å halde kulturlandskapet ope ned mot strandlina.

Bakgrunnen for forvaltingsmåla i planen ligg i dei vedtekne forskriftene for Einsetvågen/Nåsvatnet, m.a. kapittel IV, nr. 1 som lyder:

Vegetasjon som er av verdi som livsmiljø for fuglar, er freda mot skade og øydelegging av ein kvar art, t.d. tangskjering og taretråling.

Framande arter som hemlock og sitkagran vil på sikt øydeleggje den naturleg vegetasjon i delar av verneområdet, og kan utgjere ein trussel mot leveområdet til fuglane.

Verneforskriftene er ifølgje kapittel V, nr. 2 og 3 ikkje til hinder for;

Slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i eller inntil det freda området eller vedlikehald av grøfteutløp som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensa jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmaktene er varsla. Dersom ein skal setje opp nye faste og flyttbare gjerde må det søkjast om dispensasjon etter § 48 i den nye naturmangfaldslova. Kap. V nr. 4 opnar for vedlikehald av eksisterande vegar. Med vedlikehald forstår vi det som å oppretthalde den vegstandarden som var på vernetidspunktet. Det må søkjast om dispensasjon dersom det er snakk om omlegging eller standardheving av vegar.

Ein må forstå kap. V nr. 8 om motorferdsel til lands i næringsføremål dit at vedlikehald av eksisterande gjerde, dreneringssystem og gardsvegar som del av landbruksnæring ikkje treng løyve.

Kap. VI informerer om at det kan søkjast løyve til ”kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket”, etter nr. 4, og ”hogst av ved til eige bruk” etter nr. 5. Eventuelle søknader etter nr. 4 og 5 bør samordnast med landbruksstyresmakta i Eide og dersom positivt svar skal områda merkast i terrenget eller på kart.

Forvaltingsmål for landbruket

- Få tilbake den naturlege vegetasjonen langs Vågsbøelva.
- Fjerne enkeltførekomstlar av framande treslag innan verneområdet.
- Tilsig av næringsstoff til vassdraget uansett kjelde bør stoppast eller haldast på eit minimum.
- Stimulere til å oppretthalde beite ned mot strandlina rundt Einsetvågen og Isingvågen.

3.3 Jakt og fiske

Då det verna område i stor grad utgjør strandsone til vatn eller vassdrag er det ikkje dei mest nytta områda til jakt. Vi ser ikkje at tradisjonell jakt etter dei artane det er opna jakt på kjem i konflikt med verneformålet. Men vi oppmodar om å vise aktsemd for fuglearter som nyttar verneområdet til beite- og overvintring under jakt. Bruk av laus hund under jakt er forbode i fuglefredingsområdet. Arealet innafor verneområdet er teljande areal for tildeling av

fellingsløyve. For fuglefredingsområdet gjeld følgjande reglar for jakt etter kap. IV, punkt 2; *Fuglar, under dette også reir og egg, er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig forstyrning (jfr § 3 i viltlova). Jakt, fangst, bruk av skytevåpen og å sleppe laus hund er forbode i fuglefredingsområdet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate. Elles gjeld viltlova sine føresegner og forskrifter.*


Vi gjer her merksam på at § 3 i viltlova er erstatta av § 15 i naturmangfaldlova av 01.07.2009. I følgje forskriftene for verneområdet kap. V, nr. 9 er jakt på hjortedyr, rev og villmink i samsvar med viltlova tillate.

Dette punktet opnar for bruk av skytevåpen på hjortedyr, rev og villmink. Men det vert oppmoda til å nytte slagfelle og ikkje skytevåpen ved fangst av mink. Elles gjeld viltlova og naturmangfaldlova med forskrifter der verneforskriftene ikkje er sterkare.

Det er kome fram ynskje om jakt på steinkobbe i Einsetvågen. Slik forskrifta er i dag er det ikkje opning for dette. Ei eventuell opning for jakt på steinkobbe kan først innarbeidast i forskriftene når desse skal endrast.


Fiske har tradisjonelt stått sterkt i Vågsbøelva og Nåsvatnet. Nåsvatnet er regionalt kjent som eit godt fiskevatn. Elva og områda

rundt utløpsosen er spesielt nytta til fiske. Eide Jeger og fiskerforening sel fiskekort i elva og fram til Kallaneset. Fiske i verneområdet er tillate etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til ei kvar tid. Dei siste 20 – 30 åra har grunneigarar og andre som fiskar i vatnet registrert ei aukande tilgroing i utløpsområda av Nåsvatnet. I same periode er det registrert at fisken i vatnet er blitt fleire, men mindre på størrelse. Denne forvaltingsplanen kan ikkje gå inn i problematikken rundt utviklinga for dei einskilde fiskeartane i vassdraget då det er fugl som er formålet med vernet. Men utviklinga rundt utløpsosen påverkar samansetjinga av ulike plantearter og med det ulike fuglearter. Det er kome fram ynskje om å rydde eit belte av sumpvegetasjon i utløpsosen av Nåsvatnet, dette for å auke gjennomstrauminga av vatn. Det



Figur 7: A viser utbreiing av sumpvegetasjon etter flybilde 1979, B er ei feltskisse frå 1994, frå NIVA rapport LNR 3349-95.

vert hevda at vassnivået stig fortare no enn før om våren og i periodar med stor nedbør. På same måte fell vatnet seinare grunna meir slam og attgroing i utløpsosen. NIVA skriv i sin rapport frå 1995 at dei meiner at attgroinga truleg har stabilisert seg. Fylkesmannen er klar over at det har skjedd ei tilslamming og attgroing av utløpsosen i perioden frå 1970 og fram til midt på 1990 talet, men vi kan ikkje sjå at dette har fått ein negativ innverknad på fuglelivet så langt. Men at ei grunn sone med tett vegetasjon frå sjølve vatnet fram mot utløpet påverkar vassgjennomstrauminga er sannsynleg. Vi meiner at det er viktigare å redusere kjeldene til slam og tilførselen av næringsaltar enn å gå inn med fysiske tiltak.



Figur 8 Dybdekart framfor utløpsosen viser 14 meter på det djupeste. Ekvidistanse 2 m.

Forvaltingsmål for jakt og fiske

- Overvake utløpsosen i Nåsvatnet med tanke på attgroing.
- Det er eit mål å halde bestanden av villmink så låg som mogleg.

3.4 Friluftsliv og rekreasjon

Fiske langs Vågsbøelva og i utløpsosen av Nåsvatnet er ein viktig rekreasjon for mange i Eide kommune, men òg tilreisande nyttar seg av denne forma for rekreasjon. Det går i dag nokre gangstigar ned mot elva både på nord og sørsida. Det er enkelte stader lagt til rette med små gapahukar/ly for dei som fiskar. Fiskeplassen på Kallaneset er òg mykje brukt. Her er det opparbeidd ein parkeringsplass ved riksveg 64 der stien mot Kallaneset tek av. Her finn ein og informasjon om rettar og plikter ved utøving av fiske. Informasjon om det verna området kunne med fordel vore sett opp her.

Stigen til Kallaneset går ikkje inne i fuglefredingsområdet. Men alt fiske må nødvendigvis skje frå strandsona som ligg innafor det verna området. Dette er stort sett ikkje i strid med verneformålet, men vi må halde oppsyn med terrengslitasje og forsøpling langs elva og i strandsona både i utløpsosen og i Einsetvågen/Isingvågen.

Grunnskulen på Eide nyttar delar av området som turmål gjennom heile året. Nåsvatnet er nytta til å gå på skøyter vinterstid når forholda tillet det.



Figur 9 Plastikk som le for vinden er effektivt, men bør fjernast. Frå sørsida av Kallaneset.

Storholmbukta nord for Holmsundet er ein mykje brukt badeplass om sommaren. Her er det parkering ved rasteplassen på Storholmen, og besøkjande må krysse vegen til Høgset før dei følgjer ein stig mot Storholmbukta. Bruken av dette området til bading og annan rekreasjon er minimal i hekketida.

Mellom riksveg 64 og utløpsosen til Nåsvatnet har Eide kommune lagt ut eit areal til friluftsføremål. Her ligger ein idrettsbane og klubbhuset til idrettslaget Frode. Vest for klubbhuset til idrettslaget er det opparbeidd ein veg ned mot Nåsvatnet ved Sandbukta. Sjølve Sandbukta og eit belte på ca. 10 meter ligg innafor det verna området. Her ønskjer idrettslaget Frode å leggje ut ei flytebrygge for av-og påstiging av kanoar etc. Det ligg i dag nokre småbåtar i Sandbukta som vert nytta på sommaren. Det er ikkje i samsvar med verneformålet å ha ei flytebrygge liggande ute i hekketida om våren. Fylkesmannen er likevel open for å handsame ein dispensasjonssøknad frå idrettslaget Frode vedrørande ei flytebrygge ved idrettslaget sitt klubbhus.

Det er ikkje ferdselsforbod til fots i Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde. Men unødig forstyrring av fuglelivet er forbode etter kap. IV nr. 2 i verneforskriftene. Ein vil her presisere at det er bandtvang på hund heile året inne i verneområdet. Elles gjeld friluftsløva med sine rettar og plikter i verneområdet.

Forvaltingsmål for friluftsliv og rekreasjon

- Generelt skal fuglelivet uroast minst mogleg som følgje av ferdsel og ved behov kan ferdsel kanalisereast bort frå dei mest sårbare områda

3.5 Undervisning, formidling og forskning

Informasjonstavler er utarbeidd, men ikkje sett opp i dette fuglefredingsområdet. Det vil vere naturleg å setje opp informasjonstavler ved vanleg nytta utferdspunkt og parkeringsplassar.

Som til dømes ved rasteplassen på Storholmen, parkeringsplassen der stigen starter mot Kallaneset og ved klubbhuset til idrettslaget Frode.

Det skulle liggje til rette for å lage ulike undervisningsopplegg gjennom heile skuleåret i verneområdet. Faglege tema finst både i vegetasjon, stillestående vatn, rennande vatn, brakkvatn, fugleliv, dyreliv og lokalhistorie. Skulen kan kombinere ekskursjon med bruk av informasjon om området på internett. Fagstoff om Einsetvågen/Nåsvatnet FF finn ein på naturfaglege internettsider som; www.dirnat.no
www.artsdatabanken.no , www.fmmr.no og www.miljostatus.no

Forvaltingsmål for undervisning, formidling og forskning

- Det skal setjast opp informasjonstavle på eigna plassar rundt det verna området.
- Det kan leggjast til rette for undervisning og formidling innafor verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformålet.

3.6 Bygg og tekniske inngrep

I vestre delen av det verna området er det to naust på sørsida av vatnet. Det eine er eit eldre trenaust, det andre er nyrestaurert og er bygd delvis i betong. Desse nausta ligg i grensa for det verna området. Rundt Einsetvågen er det fleire naust, spesielt på sørsida av vågen. Kommunen har òg lagt ut eit areal med formål naustbygging på sørsida av vågen i kommuneplanen. Sjøelve nausta vil bli på utsida av verneområdet, men stø og vor vil bli omfatta av verneforskriftene. Det kan her ikkje påreknast løyve til utviding av eksisterande støer og vorar.

I tillegg går ein kraftleidning som kryssar det verna området over Vågsbølva. Denne kraftlinja er ikkje merka med fugleavvisarar, og kan utgjere ein trussel mot enkelte fuglearter.

Kapittel IV, nr. 3 i verneforskriftene lyder slik;

Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva eller gjere fuglane sitt livsmiljø ringare, her under drenering og anna form for tørrlegging, uttak eller oppfylling av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall og bruk av kjemiske plantevernmidde.
Opplistinga er ikkje fullstendig.

Etter kap. VI, nr. 2 krev all nyetablering av grøfter/kanalar løyve frå forvaltingsstyresmakta. Nye grøfter/kanalar til landbruksformål skal planleggjast saman med landbruksstyresmaktene i kommunen, og i samråd med fylkesmannen. Ein tolkar òg forskriftene slik at vedlikehald av kraftliner som krev motorisert reiskap krev løyve frå forvaltingsstyresmakta.

Forvaltingsmål for bygningar og tekniske inngrep

- Nye bygningar skal ikkje oppførast i verneområdet.

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 Skjøtsel

Formålet med vernet er å verne fuglane og deira livsområde innafor eit avgrensa område. Då dei kanskje viktigaste grunnane til at fuglebestandar har gått tilbake er tilhøva utanfor verneområdet, må eit forvaltingsmål vere å gjere livsmiljøet til fuglane best mogleg. På den måten tek ein vare på potensialet området har for ulike fuglearter og at området igjen kan bli brukt av desse dersom bestandssituasjonen skulle betre seg.

Det må haldast oppsyn med strandsona og elva, slik at søppel kan fjernast dersom det er naudsynt.

Alle skjøtselstiltak skal skje i regi av fylkesmannen og SNO. Gjennomføring av tiltak som medfører menneskeleg aktivitet, slik som gjerding, rydding og hogst bør skje til tider på året der ein uroar fuglane minst mogleg. Heimel for skjøtsel i eit verneområde finn ein i naturmangfaldsloven (NML) § 47.

Skjøtselstiltak

- Fjerne framande treslag frå verneområdet.
- Stimulere til auka bruk av strandsona til beiteareal.
- Rydding av søppel langs strendene og langs elva etter behov.

Sjå vedlegg nr. 5 med prioriterte tiltak.

4.2 Kartlegging av naturkvalitetane

Ei god forvaltning krev kunnskap om naturkvalitetane som er verna og tilstanden på desse. Ei jamleg kartlegging av naturkvalitetane er naudsynt for å vurdere tilstand og moglege behov for tiltak/skjøtsel. I forvaltingsplanen har ein prioritert høgt å få ei kvalitetsmessig god registrering av fugleartane og elvemuslingpopulasjonen i området, og bestandstilstanden til desse. Først når vi veit meir om status til artane i verneområdet kan vi setje gode, målbare bevaringsmål. Det er òg naturleg å få ei botanisk registrering av verneområdet parallelt med fugleregistreringa.

Saman med SNO har fylkesmannen hovudansvaret for kartlegginga/overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa.

Tiltak for kartlegging av naturkvalitetane

- Fylkesmannen vil foreta ei ny kartlegging av fuglefaunaen i området.
- Undersøkje populasjonen av elvemusling i utløpsosen av Nåsvatnet og Vågsbølva.

Sjå vedlegg nr. 5 med prioriterte tiltak.

4.3 Informasjon og tilrettelegging

Det er utarbeidd informasjonstavler for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde. Det er eit mål å revidere og setje dei opp på fleire plassar rundt det verna området. Mellom anna bør det setjast opp informasjonstavle ved idrettslaget Frode sitt klubbhus, ved parkeringsplassen der stigen går mot Kallanaset og på rasteplassen på Storholmen. Etter kvart som ein får ny kunnskap om naturkvalitetane i området bør ein vurdere om det er behov for meir formidling. Det bør òg setjast opp skilt med bandtvang på naturlege parkeringsplassar rundt det verna området. Fuglefredingsområdet er merka med grensemerke i knekkpunkt og verneskilt på strategiske plassar.



Figur 10 Tjeld er ein årleg sommargjest i Einsetvågen. Foto: Asbjørn Børset

Alt informasjonsmaterialet skal utarbeidast av, eller i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. All ny tilrettelegging for ferdsel (stigar/bruer etc.) skal på førehand godkjennast av fylkesmannen. Dette er ikkje til hinder for at brukarar av området kan kome med eigne innspel både om tilrettelegging og behov for informasjon.

Informasjons- og tilretteleggingstiltak

- Revidere innhald og utforming av informasjonstavlene etter ny mal.
- Setje opp informasjonstavler om verneområdet på sentrale utferdsplassar.
- Setje opp skilt med bandtvang saman med informasjonstavle.

Sjå vedlegg nr. 5 med prioriterte tiltak

4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområda i Norge. Hovudoppgåva til naturoppsynet er å sørge for at vernereglane for området vert følgde. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og dei vert orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i fuglefredingsområdet. Heimel til å foreta oppsyn finn vi i § 63 i NML.

Statens naturoppsyn har avgrensa politimynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn, og politimynde etter miljølovene; friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde vert gjort i samråd med fylkesmannen og enkelte av tiltaka er nærare presentert i denne forvaltingsplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyresmakt bestillar av oppsynsoppgåver hos SNO.

5 SAKSHANDSAMING

5.1 Forvaltingsstyresmakter

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM) er forvaltingsstyresmakt for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde. Søknader om løyve/dispensasjonar etter verneforskriftene skal alltid sendast direkte til fylkesmannen.

5.2 Lovverk, føringar og forvaltning

Naturvernloven frå 1970 blei oppheva då naturmangfaldloven av 19. juni 2009 blei vedteken. Store delar av naturvernloven er vidareført i kap. 5 i naturmangfaldloven. Sjølv om hovudtrekka i naturvernloven er vidareført, er det gjort nokre endringar. Det er viktig å merke seg at prinsippa i NML kap. II om alminnelege reglar om berekraftig bruk og § 48, dispensasjon frå vernevedtak, gir føringar som skal nyttast ved sida av forskriftene til det enkelte verneområdet. Forskrifta for verneområdet går normalt føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneforskriftene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Formålet med verneområdet skal tilleggast stor vekt ved fortolking av

verneforskriftene. Enkeltvedtak skal tolkast i lys av det spesifikke verneformålet, og “føre var” - prinsippet skal tilleggst vekt ved fortolking av verneforskrifta. Ved tvil om rettslege rammer i ei verneforskrift skal forskrifta tolkast innskrenkande.

Verneforskrifta for Einsetvågen/Nåsvatnet finn du som vedlegg nr. 1.

Forvaltning av verneforskriftene

Eventuelle søknader om løyve/dispensasjon skal òg vegast opp mot dei allmenne reglane for berekraftig bruk i NML sitt kap. II i tillegg til NML sin § 48. Desse reglane kjem i tillegg til verneforskrift for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde. Avgjerd av ein søknad om dispensasjon frå ei verneforskrift vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltingsloven og kan påklagast.

Verneforskriftene endrar ikkje grunneigars rettar og plikter etter anna regelverk utan at det går fram særskilt av forskriftene. Forskriftene endrar til dømes ikkje grunneigaren sin rett til å nekte motorferdsel eller andre tiltak på sin eigedom. Grunneigar kan likevel ikkje nekte forvaltningsstyresmakta motorferdsel på sin eigedom i samband med skjøtsel. Verneforskrifta kan innebere forbod eller innskrenkingar i grunneigaren, rettshavaren og publikum sin råderett, men kan ikkje gi vernestyresmakta eller det offentlege nokon særskilt råderett ut over det som følgjer av høve til skjøtsel etter regelverket.

Forvaltninga av verneområde skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller forvaltningsstyresmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding. Ein syner her til NML kap. IX om handheving og sanksjonar der DN er gjeve myndigheit.

Forståing av unntak frå forskrifta

Kap V i verneforskrifta listar opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon. Sjå forskrifta i vedlegg nr. 1 for den nøyaktige formuleringa.

Nr. 1 omtalar aktivitet av nasjonal karakter. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet utan kontakt med forvaltningsstyresmakta.

Nr. 2 omhandlar slått, beite og anna etablert jordbruksdrift, dette er lovleg i fuglefredingsområde, men må eventuelt klarerast med grunneigar.

Nr. 3 stadfestar at vedlikehald av grøfteutløp i fuglefredingsområdet er lov. Men det går fram av forskrifta at forvaltningsstyresmakta skal varslast på forhand. Dette for å unngå skade på verneverdiane.

Nr. 4 opnar for vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner. Men då det ikkje er lov med motorisert ferdsel må det her gjevast dispensasjon. For standardheving på veganlegg må det òg søkjast dispensasjon. For planlagd ordinært vedlikehald på kraftliner vil det kunne påreknast ein generell dispensasjon etter søknad.

Nr. 5 Sanking av bær og matsopp. Dette er ei referanse til friluftsløva, som stadfestar allemannsretten.

Nr. 6 nemner fiske i verneområdet. Her gjeld det lovverket og dei forskriftene som regulerer fiske til ei kvar tid. Elvemuslingen er ikkje nemnd i forskrifta, men elvemuslingen er freda gjennom eiga forskrift heimla i lakse- og innlandsfiskelova.

Nr. 7 opnar for bruk av motorbåt med motorstorleik inntil 4,5 hk i dei freda områda i Nåsvatnet. Bruk av motorbåt er tillate i Einsetvågen.

Nr. 8 viser til at motorferdsel i næringsføremål er lov. Det er ingen næringsføremål innafor fuglefredingsområdet som treng bruk av motorkjøretøy med unntak av det som er nemnd i nr. 2,3 og 4 . Ved reparaasjon av akutte utfall på kraftlinenettet kan det òg nyttast motoriserte kjøretøy. Vi forventar då at dette vert rapportert til fylkesmannen i etterkant av arbeidet.

Nr. 9 opnar for jakt på hjortedyr, rev og villmink i samsvar med viltlova med forskrifter.. Ved jakt på villmink bør slagfelle nyttast for å unngå å påføre dyra lidning. Feller må sikrast mot andre dyr og menneske. Skytevåpen bør ikkje nyttast i verneområdet sjølv om det er opna for det i forskrifta.

Kap VI omhandlar tiltak som fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Sjå forskrifta i vedlegg nr.1 for den nøyaktige formuleringa.

Nr. 1 gir høve til jakt etter dispensasjon dersom ein art er i mistilhøve til andre arter eller miljøet. Dette er ikkje ei aktuell problemstilling i fuglefredingsområdet og gir ikkje høve til felling av til dømes ramn eller grågås.

Nr. 2 nemner etablering av grøfteløp for drenering av anna tilgrensande areal. Fjerning av giftplanter vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle i samråde med landbruksstyresmaktene.

Nr. 3 opnar for fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismar i jordbruket. Dersom dette skulle bli aktuelt skal det skje etter søknad og i samarbeid med fylkesmannen.

Nr. 4 Kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket, etter søknad og nærare avtale med forvaltingsstyresmaktene.

Nr. 5 Hogst av ved til eige bruk etter søknad og tilvisning av forvaltingsstyresmaktene.

Nr. 6 opnar for bygging av pumpehus og legging av leidningar for vassanlegg. Pumpehus og leidningar vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle i samråd med landbruksstyresmakta i kommunen.

Kap VII opnar for at forvaltningsstyresmakta kan utføre skjøtselstiltak i det verna området.

Dette kapittelet saman med den nye naturmangfaldlova §47 gir òg løyve til bruk av motoriserte kjøretøy ved skjøtselstiltak i regi av forvaltningsstyresmakta.

Generelle dispensasjonsheimlar

Etter overgangen til naturmangfaldloven 01.juli 2009 gjeld no naturmangfaldlovens § 48 i **staden for** den generelle dispensasjonsbestemminga i verneforskrifter som er eldre enn dette. Det betyr at saker om dispensasjon ikkje skal behandlast etter kap. VII i verneforskrifta for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde, men etter naturmangfaldloven § 48. Dei spesifiserte dispensasjonsheimlane i verneforskrifta kap. VI gjeld framleis.

Retningslinjer for sakshandsaming.

Punkta under syner generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde.

1. Alle søknader om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknader skal derfor først behandlast etter verneforskriftene før eventuelt anna lovverk vert vurdert.
3. Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal sendast Direktoratet for naturforvaltning via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil då sjå om det er kome nye saksopplysningar som tilseier at vedtaket kan omgjerast. Dersom forvaltingsstyresmakta opprettheld vedtaket skal klagen oversendast Direktoratet for naturforvaltning for endeleg behandling og vedtak.
4. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Eide kommune, Statens Naturoppsyn (SNO) og Direktoratet for naturforvaltning.

Behov for endring av forskrifta

Verneplanen for våtmark var den første verneplanen som vart vedteken i Møre og Romsdal. Forskrifta er laga etter ein mal som på fleire punkt ikkje er i samsvar med nyare vernevedtak for naturreservat, og har behov for ei oppdatering og modernisering. Som eksempel må forholdet til kraftliner inn i verneforskriftene på ein ryddigare måte. Dette vil fylkesmannen samordne med andre verneområde og handsame som eiga sak på eit seinare tidspunkt.

Endring av grensa til verneområdet

Den gjeldande grensa for fuglefredingsområdet går fram av kart i målestokk 1:5.000 datert Miljøverndepartementet 1987. Merkinga av vernegrensa i terrenget vart gjort i ei tid utan tilgang på GPS-utstyr og inneheld mindre avvik frå det vedtekne kongeleg resolusjonskartet. Vi tek sikte på flytte aktuelle knekkpunkt på grensa slik at det vert best mogleg samsvar mellom nedsette grensemerke og vernekartet. I eit par område vart grensa merka bevisst utanom areal som hadde ein slik kvalitet at det ikkje var ønskeleg å ta dei med i det verna området. Dersom dette skal bli ei juridisk gjeldande grense, må saka leggast fram for direktoratet eller eventuelt departementet for store avvik. Dette vil bli følgd opp som eiga sak, og det endelege resultatet her vil ikkje endre tiltak og bevaringsmål i forvaltingsplanen.

6 PERIODEN FORVALTINGSPLANEN GJELD

Forvaltingsplanen for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedteken. Fylkesmannen er ansvarleg for revidering av planen, dette bør skje etter 10 år, i 2020. Fylkesmannen kan revidere han før om det skulle syne seg naudsynt. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse ligg føre, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.

7 KJELDE

- Artsdatabanken, 2006. *Norsk Røddliste 2006*.
<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=114&amid=1792>.
15.08.09
- Artsdatabanken, 2007. *Norsk svarteliste 2007*.
<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=172&amid=2581>.
20.09.09
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning*.
www.dirnat.no, 03.08.09.
- Jordal, John Bjarne, *Kartlegging av naturtyper i Eide kommune*.
Rapport nr. 4-2005
- Holten Jarle Inge, m.fl., 1986:3B. *Havstrand i Møre og Romsdal*. Økoforsk ,
NAVF
- Folkestad, Alv Ottar, 1978. *Fylkesvis oversikt over ornitologisk viktige våtmarker i Norge*. Miljøverndepartementet
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1982. *Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal fylke*. A/S E.K. Hansen
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1978. *Ornitologisk viktige våtmarksområder i Norge*. Miljøverndepartementet.
- Gaarder, Geir, Holtan, Dag, Jordal, John Bjarne, rapport 2001:2. *Kartlegging av Naturtyper. Fylkestilpassa faktaark for Møre og Romsdal*.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Molde.
- Hovde, Anders, 1990. *Jordbruksfagleg utgreiing i samband med erstatningssøksmål etter naturvernlova*.
Rapport frå Jordforsk, Molde
- Lyngstad, Jonny, 2003. *Bygdebok for Eide*.
- Moen, Geir. 2005. *Viltet i Eide*. Naturkonsult DA rapport nr.-2005
- Norderhaug, A. 1991. *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*. Landbruksforlaget

Nettsteder

- Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>
- Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase*. www.dirnat.no
- Lovdata, 2009. www.lovdata.no/
- Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga
<http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=1566> .

Vedlegg nr. 1

Forskrift om vern av Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde, Eide kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. av 27. mai 1988. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 14, 2. ledd og § 9, jf § 10 og §§ 21, 22 og 23 er fuglelivet og fuglane sitt livsmiljø i eit område ved Eide i Eide kommune, Møre og Romsdal fylke, freda ved kgl.res. av 27. mai 1988 under nemninga Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde.

II

Det freda området omfattar følgjande gnr/bnr:

149/4, 5, 6, 7, 8; 150/11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21; 151/1; 153/7, 13, 16; 154/10, 14, 16, 18, 19, 20; 155/4, 31; 157/1; 158/1; 163/1, 3; 164/13, 37, 42, 48.

Fuglefredingsområdet dekkjer eit areal på ca 1.465 dekar.

Grensene for fuglefredingsområdet går fram av kart i målestokk 1:5.000, datert Miljøverndepartementet oktober 1987. Kartet og fredingsforskriftene blir oppbevarte i Eide kommune, hos fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for fuglefredingsområdet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit viktig våtmarksområde med sitt livsmiljø, fugleliv og anna dyreliv.

IV

For fuglefredingsområdet gjeld følgjande forskrifter, jf likevel punkta V - VI:

1. Vegetasjon som er av verdi som livsmiljø for fuglar, er freda mot skade og øydelegging av ein kvar art, t.d. tangskjering og taretråling.
 2. Fuglar, under dette også reir og egg, er freda mot all form for skade, øydelegging og unødig forstyrring (jfr § 3 i viltlova). Jakt, fangst, bruk av skytevåpen og å sleppe laus hund er forbode i fuglefredingsområdet. Utsetjing av vilt er ikkje tillate. Elles gjeld viltlova sine forskrifter og forskrifter.
 3. Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva eller gjere fuglane sitt livsmiljø ringare, her under drenering og anna form for tørrlegging, uttak eller oppfylling av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, dumping av avfall og bruk av kjemiske plantevernmidde.
- Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorisert ferdsel, samt lågtflyging under 300 m er forbode, jf pkt. V. Bruk av modellbåtar og modellfly er forbode.

Forvaltingsplan for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde

Bruk av seglbrett i ferskvassområda er forbode.

V

Forskriftene i punkt IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i sikrings-, ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsøyemed.
2. Slått, beiting og anna etablert jordbruksdrift i og inntil det freda området.
3. Vedlikehald av grøfteutlaup som er tekne tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla.
4. Vedlikehald av eksisterande vegar og kraftliner.
5. Sanking av bær og matsopp.
6. Fiske etter det lovverk og dei forskrifter som gjeld til til ei kvar tid.
7. Bruk av motorbåt med motorstorleik inntil 4,5 hk i dei freda områda i Nåsvatnet. Bruk av motorbåt i Einsetvågen.
8. Motorferdsel til lands i næringsføremål.
9. Jakt på hjortedyr, rev og villmink i samsvar med viltlova med forskrifter.

VI

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gje løyve til:

1. Kontrollert felling av vilt når dette blir sett på som naudsynt for å hindre bestandsmessige mistilhøve mellom ulike arter eller i tilhøvet art/miljø på grunn av menneskeskapte faktorar.
2. Etablering av nye grøfteutlaup for drenering av tilgrensande areal. Fjerning av giftplantar.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplantar for skadeorganismer i jordbruket.
4. Kontrollert tynning/høgdereduksjon av skog og kratt som er til ulempe for jordbruket.
5. Hogst av ved til eiga bruk.
6. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vassanlegg m.m.

VII

Forvaltingsstyresmakta eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med fredingsføremålet. Det kan utarbeidast skjøtelsplan, som skal innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

VIII **NB: Dette kap. går ut og erstattast av § 48 i lov om forvaltning av naturens mangfald.**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå fredingsforskriftene når føremålet

med fredinga krev det, samt for vitenskaplege undersøkingar og arbeid av vesentleg, samfunnsmessig verdi, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

IX

Forvaltninga av fredingsforskriftene er lagt til fylkesmannen i Møre og Romsdal.

X

Desse fredingsforskriftene trer i kraft straks.

Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldloven)

§ 48. dispensasjon fra vernevedtak


Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Vedlegg nr. 2



Vedlegg nr. 3

Fuglearter registrert i eller nær Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde.

ARTER	OBSERVERT	RAUDLISTA	MERKNAD
Bergand	11.87	EN	
Blåmeis	03.80	LC	
Brunnakke	04.83	LC	Aukande
Dvergdykker	03.03	NT	
Fiskemåke	02.84	LC	
Fossefall	12.96	LC	
Granmeis	03.80	LC	
Grashoppesanger	03.09	VU	
Grønnfink	07.09	LC	
Grønnsisik	07.09	LC	
Gråfuesnapper	07.09	LC	
Gråhegre	07.09	LC	Aukande
Gråmåke	02.80	LC	
Gråtrost	07.09	LC	
Havelle	02.84	LC	Stabil
Havørn	11.09	LC	
Heipiplerk	07.09	LC	
Hettemåke	02.84	NT	
Islom	12.80	LC	
Islom	12.80	NA	
Kanadagås	11.09	UR	Innført art
Kjøttmeis	07.09	LC	
Knekkand	07.09	EN	
Krikkand	04.80	LC	Stabil
Kråke	03.90	LC	
Kvinand	11.87	LC	
Laksand	11.87	LC	
Lappfiskand	11.09	EN	
Linerle	07.09	LC	
Låvesvale	07.02	LC	
Myrrikse	2003	EN	Stabil
Rødstilk	07.02	LC	Tilbakegang
Sangsvane	03.90	NT	
Siland	11.87	LC	Aukande
Sivsanger	06.09	LC	
Sivspurv	05.09		
Stokkand	11.87	LC	Tilbakegang
Storskarv	12.80	LC	Aukande
Storspove	04.80	NT	
Svartbak	02.84	LC	
Tjeld	04.83	LC	Aukande
Toppand	11.09	LC	
Toppskarv	12.80	LC	
Trane	05.09	LC	
Vipe	03.80	NT	Tilbakegang

Forvaltingsplan for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde

Ærfugl	12.85	LC	Stabil

Artsopplysningar henta frå artdatabanken, lista er ikkje uttømande. Bestandsutviklinga byggjer på Wetlands Internasjonal (2002)

Forklaring til raudlistestatus: CR = Kritisk trua, EN = Sterkt trua, VU = Sårbar, NT = Nær trua, LC = Livskraftig

Vedlegg nr. 4: Plantearter registrert i eller nær Einsetvågen/Nåsvatnet .

Kjelde: Artsdatabanken

ARTER:
Bekkeblom
Blåknapp
Blåtopp
Botnegras
Brunskjene
Dikevasshår
Engforglemmeiei
Engkarse
Englodnegras
Engrapp
Engstarr
Engsyre
Evjesoleie
Fjæresaltgras
Flaskestarr
Geitesvingel
Geitsvingel
Grasstjerneblom
Grestjernaks
Grusstarr
Grønnstarr
Gulldusk
Gullris
Gåsemure
Heisiv
Hjertetjernaks
Hundekjeks
Hvitkløver
Jåblom
Kalkvårmose
Krypkvein
Kystlommemose
Kysttjernaks
Loppestarr
Lyssiv
Mjødurt

Myrhatt
Myrklegg
Myrmjølke
Myrsauløk
Nyseryllik
Pølstarr
Rustsivaks
Rusttjernaks
Ryllsiv
Rødsvingel
Saltbendel
Saltsiv
Salturt
Sjøsvaks
Skogarve
Skogsiv
Sløke
Slåtestarr
Småengkall
Småhavgras
Småpiggnopp
Stjernemarikåpe
Storblærerot
Strandkjeks
Strandkjempe
Strandkryp
Strandrør
Strandsmelle
Svartvier
Tepperot
Tiriltunge
Trådsiv
Vill-lin
Åkermynte
Åkersmelle
Åkertistel

Forvaltingsplan for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde

Vedlegg nr. 5: Samleskjema for ulike tiltak i Einsetvågen/Nåsvatnet i planperioden 2010 - 2015.

Tiltak	Prioritet	Utførende aktør	Kostnads overslag	Finansiering	Fristar	Merknad/ vurdering
Vassprøve i Vågsbøelva	Høg	SNO/Fylkesmannen		DN	2010	Følgje opp bevaringsmål nr. 1
Sjekke status for muslingpopulasjonen i Vågsbøelva	Høg	Fylkesmannen		DN	2010	Følgje opp bevaringsmål nr 1
Medverke til at større delar av strandenga vert nytta til beiteområde.	Høg	Grunneigarar		DN SMIL-midlar Grunneigarar	Snarast	Følgje opp bevaringsmål 2. Sjå punkt 4.1
Fjerne framande treslag.	Høg	SNO		DN	Snarast	Sjå punkt 4.1.
Oppgradere kunnskapen over ulike fuglearter og storleiken på populasjonane i verneområdet.	Høg	Fylkesmannen		DN	Start 2011	Sjå punkt 4.2. Bør setjast bort til Ornitologiske undersøkingar i Møre og Romsdal (OUM) eller annan lokal ornitolog.
Sette opp informasjonstavler	Høg	SNO		Fylkesmannen		Sjå punkt 4.3.
Rydde søppel etter behov	Middels	Skule, lag, foreining		DN	Etter behov	Sjå punkt 4.1. Bør bli eit årleg tilskott til skuleklasse/lag/foreining.

NB: All skjøtsel føreset at fylkesmannen får årlege løyvingar over statsbudsjettet. Desse løyvingane blir kanalisert gjennom Direktoratet for naturforvaltning (DN). Utan løyvingar over statsbudsjettet får vi ikkje utført skjøtsel eller andre tiltak.

Vedlegg nr. 6

Saksbehandling av forvaltingsplanen for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde

Melding om oppstart av arbeidet med forvaltingsplan for Einsetvågen/Nåsvatnet fuglefredingsområde i Eide kommune blei send som brev frå Møre og Romsdal fylke den 19.11.2009 til alle grunneigarane, kommunen og andre brukargrupper. Brevet oppmoda til å kome med synspunkt/innspeil til planarbeidet innan 15.01.2010. Same brevet inviterte til oppstartsmøte/orientering om arbeidet med forvaltingsplanen den 08.12.2009.

Oppstartsmøtet var eit fellesmøte for Einsetvågen/Nåsvatnet og Osen fuglefredingsområder. På oppstartsmøtet møtte ti grunneigarar og naboar. I tillegg møtte Håkon Slutaas frå Eide kommune. Ragna Sortland og Åsmund Skålvik representerte Møre og Romsdal fylke.

Informasjon og innspel som kom fram under oppstartsmøtet er teke omsyn til i planen så langt det er praktisk mogleg og forskriftene tillet det.

Det kom ingen skriftlege innspel innan fristen 15.01.2009:

Eit utkast til forvaltingsplan blei utarbeidd og send til høyring den 24.06.2010. Fylkesmannen sette høyringsfristen til den 31.08.2010.

Det kom inn synspunkt frå Direktoratet for naturforvaltning (DN) til høyringsutkastet.

Synspunkta frå DN er innarbeidd i den vedtekne planen.

På generelt grunnlag vil fylkesmannen informere om at vi ikkje kan forskottere framtidige statlege løyvingar til skjøtselstiltak i verna område sjølv om dette står på tiltaksliste.

Det er ikkje realistisk å fange opp alle eventualitetar i ein forvaltingsplan, noko må ein ta i den daglege forvaltninga. Planen er meint som eit fundament å byggje vidare på etter som ein ser tilstanden endrar seg, eller behov melder seg. Men formålet med vernet ligg heile tida i botnen.

Plangodkjenning.

Forvaltingsplanen vart med dette vedteken av Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 17.09.2010.